



Saksframlegg

Varemerkebeskyttelse og retningslinjer for bruk av Tretoppvegen sitt design, omdømme og navn

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Tretoppvegen i Hamaren aktivitetspark er eitt av dei viktigaste landemerka i Fyresdal kommune, og har utvikla seg til eit nasjonalt og internasjonalt kjent besøksmål. Anlegget er særleg anerkjent for eit unikt arkitektonisk uttrykk, tett integrasjon med naturen, samt eit gjennomført inkluderande og universelt utforma design. Tretoppvegen har vunne ei rekkje prisar og utmerkingar nettopp med bakgrunn i desse kvalitetane, og fungerer i dag både som:

- eit identitetsskapande symbol for Fyresdal
- eit sentralt trekkplaster for reiseliv og besøksnæring
- eit referanseprosjekt innan universell utforming og landskapsarkitektur

Kommunen mottek førespurnader om bruk av heile eller delar av Tretoppvegen sitt formspråk og element i ulike samanhengar, til dømes:

- smykke og suvenirar
- grafisk design og marknadsføring
- kommersielle produkt (merchandise)
- arkitektoniske eller kunstnariske tolkingar

Tretoppvegen vart ikkje varemerke- eller designregistrert innan gjeldande fristar. Det er derfor behov for å klargjere korleis Tretoppvegen er verna i dag, og korleis kommunen bør handtere slike førespurnader framover.

Sjølvs om Tretoppvegen ikkje er patentert eller registrert som varemerke, er kommunen likevel verna gjennom fleire rettslege rammer:

Opphavsrett (åndsverklova)

Arkitektoniske verk, landskapsarkitektur og kunstnariske utformingar er verna som åndsverk. Vernet gjeld den konkrete utforminga, heilskapen og særpreget – ikkje berre tekniske løysingar.

Etterlikningar som er «forvekslingsbare» eller i hovudsak kopierer uttrykket kan vere ulovlege.

Marknadsføringslova

- Forbyr urimeleg utnytting av andres innsats, renommé og investeringar.
- Forbyr slavisk etterlikning som kan føre til forveksling eller snylting på etablert omdøme.

Namn, omdøme og identitet

«Tretoppvegen i Fyresdal» og «Hamaren aktivitetspark» har opparbeidd ein klar assosiasjon til kommunen. Bruk som gir inntrykk av offisiell tilknytning eller godkjenning kan krevje samtykke.

Avtalerett, retningslinjer og eigarposisjon

Kommunen som eigar står fritt til å fastsetje vilkår for bruk gjennom lisensavtalar, samarbeid eller avslag. Samla sett gir dette kommunen eit handlingsrom til å styre bruk, sjølv utan formell registrering. Retningslinjer er eit verktøy som gjer kontroll på dette.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsliv – styrke reisemålet Fyresdal gjennom å beskytte og ta kontroll på investeringar gjort i forbindelse med satsinga på Tretoppvegen.

Merkevarebygging og vern av designet

Tretoppvegen er ein del av Fyresdal sin identitet og omdømebygging. Ukontrollert bruk kan:

- svekke særpreget og eksklusiviteten
- føre til kvalitetsforringing
- redusere verdien for reiselivet og kommunen på sikt

Tydlege retningslinjer vil:

- styrkje merkevara Fyresdal
- sikre respekt for design og universell utforming
- leggje grunnlag for kvalitetssikra samarbeid
- Oppretthalde attraktiviteten – unngå kopi

Det er viktig å unngå at Tretoppvegen sitt uttrykk vert kopiert eller brukt i samanhengar som:

- ikkje samsvarer med verdiane bak prosjektet
- kan gi feil eller misvisande assosiasjonar
- svekkjer opplevinga av originalen

Kommunen bør difor ha høve til å:

- avslå førespurnader som er for tett på originaluttrykket
- stille krav til utforming, kvalitet og kontekst

Lokal verdiskaping og bruk i næringsutvikling

Samtidig er Tretoppvegen ein ressurs som kan nyttast aktivt i utvikling av næringsliv og reiseliv. Det bør opnast for at:

- lokalt og regionalt næringsliv kan bruke Tretoppvegen i marknadsføring
- bruk skjer på ein måte som skaper verdiskaping i Fyresdal og nabokommunane
- kommunen har kontroll med omfang, kvalitet og formål

Dette kan til dømes skje gjennom:

- lisensavtalar
- samarbeidsavtalar
- tidsavgrensa godkjenningar

Konklusjon:

Kommunedirektøren ynskjer å utarbeide retningslinjer for å styrke merkevara og omdømmet rundt Tretoppvegen.

Forslag til hovudpunkt i retningslinjene;

Eigarskap og kontroll

Fyresdal kommune er eigar av Tretoppvegen bør ha høve til å godkjenne all kommersiell bruk av namn, design og sentrale element.

Tillate bruk

- Marknadsføring som fremjar Fyresdal som reisemål
- Bruk som gir dokumenterbar lokal eller regional verdiskaping
- Prosjekt som held høg kvalitet og respekt for universell utforming

Ikkje tillate bruk

- Kopiering eller etterlikning av design som kan forvekslast med originalen
- Bruk som kan svekke omdøme, kvalitet eller verdi
- Bruk utan samtykke som gir inntrykk av offisiell tilknytning

Avtale og vilkår

- All kommersiell bruk skal regulerast gjennom skriftleg avtale
- Kommunen kan stille krav til design, materialbruk, omfang og kreditering
- Kommunen kan krevje vederlag der det er naturleg

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren kan arbeide fram retningslinjer som er i tråd med hovedlinjene som er skrive i saka.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef